

Til fylkesvaraordfører Mona Hellesnes

Eg heiter Ingrid Tangera's og eg skriv til deg fordi du skal på syntaring på Varaldsøy 6. februar angående fergekai.

Eg vonar du har tid til å lesa brevet mitt, og eg ber om at fylkeskommunen går for opprustning av eksisterande fergekai og reirar unikt kystlandskap.

1. Eg har tilknytning til Varaldsøy og er der i alle feriar. På sikt ser eg ikkje bort frå å flytta til Varaldsøy med mann og barn.

Eg nyttar Skjelnesodden og Glevika mykje, eg badar med borna, vassar i fjæra, plukkar bær. Det landskapet er så fint og det biologiske mangfaldet så stort, at me har eit ansvar for å bevare det til etterkommurane våre.

Urørt natur, særleg ved sjøen, er eit knapt gode, og Glevika er ei perle som det vil vera uniktig å øydeleggja.

2. Eg har lest konsekvensutreiinga for ny fergekai, eg fann ingen uttale om kor vørhardt ein ny fergekai vil liggja, i høve til eksisterande kai. Det er spådd meir ekstremvær i framtida, og å byggja ny kai på eit nes utan molo synes eg er risikabelt. Ein kan risikera å nytta ressursar på ein kai som ikkje kan nyttast i dårleg vær.



Røynde folk frå Varaldsøy som kjenner til straumningar i sjøen, er i tvil om ferga vil klara å leggja til kai på Skjelnesodden i dårleg vær.

3. Å velgja å byggja ut eksisterande kai, er mest solidærisk mot folk som ikkje har eigen bil, born og eldre til dømes.

Å flytta kaien bort frå bygda, gjer at ein i stor grad vert avhengig av personbiltrafikk for å kunna ta ferga og å leva på Varaldsøy.

I dag bur ein stor del av innbyggjarane i gæværstand til kaien og kaien er eit naturleg senter.

4. Det har gått fram i media at 86% av innbyggjarane på Varaldsøy er for flytting av kai. Eg får ikkje dette til å stemma. Dei eg kjenner som bur på Varaldsøy og som er folkeregistrert der, er ikkje blitt spurte.

Besse er for å bevare eksisterande kai.

Eg set òg spørsmålsteiken på framferda til dei som gjekk rundt og samla underskriftene.

Ut frå det eg har skriva ber eg om ^{og vonar} at Hordaland Fylkeskommune går for å byggja ut eksisterande kai, og verjar den unike og mangfaldige naturen på Skjelnesodden.

Med vennleg helsing Ingrid Tangerås Alversund 30/1-14

